
Saksnr: 2024/7318-3
Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og inkludering | 73/24 | 28.05.2024 |
| Fylkesutvalet | 133/24 | 05.06.2024 |

Høyring - Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø

Forslag til innstilling:

- Vestland fylkeskommune er positiv til Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø, og meiner at den vil bidra til å styrke bevaringa og utviklinga av desse kulturmiljøa.
- Vestland fylkeskommune vil trekkje fram behovet for at det vert oppretta langsiktige og føreseielege tilskotsordningar for skjøtsel av kulturlandskap.
- Vestland fylkeskommune meiner det må utviklast ein finansieringsmodell for bevaringsstrategiane.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og inkludering - 28.05.2024

Det var 11 representantar til stades.

Avrøysting

Fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

- Vestland fylkeskommune er positiv til Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø, og meiner at den vil bidra til å styrke bevaringa og utviklinga av desse kulturmiljøa.
- Vestland fylkeskommune vil trekkje fram behovet for at det vert oppretta langsiktige og føreseielege tilskotsordningar for skjøtsel av kulturlandskap.
- Vestland fylkeskommune meiner det må utviklast ein finansieringsmodell for bevaringsstrategiane.

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 05.06.2024

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

- 1.Vestland fylkeskommune er positiv til Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø, og meiner at den vil bidra til å styrke bevaringa og utviklinga av desse kulturmiljøa.
- 2.Vestland fylkeskommune vil trekkje fram behovet for at det vert oppretta langsiktige og føreseielege tilskotsordningar for skjøtsel av kulturlandskap.
- 3.Vestland fylkeskommune meiner det må utviklast ein finansieringsmodell for bevaringsstrategiane.

Samandrag

I saka skal Vestland fylkeskommune ta stilling til framlegg til *Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø*. Riksantikvaren har sendt strategien på høyring med frist 30. juni. Strategien har fire deltema, Bygningar i jordbruket, Jordbrukslandskapet, Kulturmiljø i skog og Kulturmiljø etter reindrift. Kvar av deltemaa har eigne resultatmål og innsatsområde. Det vert skissert ulike tiltak for å nå måla. Til grunn for val av deltema ligg aktuelle utfordringar, og moglegheiter for samarbeid og samordna verkemiddelbruk. Bevaringsstrategiane skal bidra til vern og bruk av prioriterte kulturmiljø.

Riksantikvaren ber særleg om synspunkt på utfordringar, avgrensing av strategien og prioriteringar innanfor deltema og innsatsområde.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Per Morten Ekerhovd
direktør
kultur og folkehelse (KFO)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø - Høring av forslag.PDF
- 2 Protokoll konsultasjon 11. april 2024 (1).PDF
- 3 Forslag til bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø.PDF
- 4 Svar - Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø - Innspelsrunde

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Riksantikvaren har sendt Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø på høyring med frist 30. juni 2024, vedlegg 1 - 3. Saka er Vestland fylkeskommune sitt svar på høyringa.

Å utvikle bevaringsstrategiar er eit oppdrag Riksantikvaren har fått frå Klima- og miljødepartementet (KLD), og er ei oppfyljing av Meld. St. 16 2019-2020 (Nye mål i kulturmiljøpolitikken – engasjement, berekraft og mangfald.

For å ta vare på eit mangfald av kulturmiljø vil regjeringa utarbeide bevaringsstrategiar for prioriterte tema der all verkemiddelbruk skal sjåast i samanheng. I tillegg skal strategiane «*bidra til å strukturere, samordne og organisere innsatsen slik at de tre nye nasjonale målene nås, med særlig vekt på målet om å ta vare på et mangfold av kulturmiljø. Dette innebærer blant annet satsinger og tiltak for å bedre tilstand og vedlikeholds nivå, samt tiltak for å redusere tap og skade.*»

Dei tematiske bevaringsstrategiane er forankra i *Rammeverk for bevaringsstrategier* som Riksantikvaren oversendte Klima- og miljødepartementet i desember 2022, (sjå figuren nedanfor). *Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø* er den andre av dei tematiske bevaringsstrategiane som er sendt på høyring. Høyringsfristen er sett til 30. juni 2024. Tidlegare har *Bevaringsstrategi for kystens kulturmiljøer* vore på høyring, denne høyringa vart handsama i sak PS 97/2024. I brev av 8. mars 2024 gav fylkeskommunen eit administrativt innspel til Riksantikvaren sin disposisjon til Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø.



Fylkesutvalet har vedteke fråsegn til Overordnet bevaringsstrategi (fekk seinare namnet Rammeverk for bevaringsstrategier) i sak PS 303/2022, og Riksantikvaren sine forslag til tema for bevaringsstrategiar i sak PS 89/2023.

Om *Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø*

Landbruket sine kulturmiljø dekker ein stor del av Noreg sine areal og vi har eit mangfald av kulturmiljø som fortel om landbruket si betydning i norsk historie. Bevaringsstrategien for landbrukets kulturmiljø skal bidra til å finne gode, langsiktige løysingar for bevaring og berekraftig bruk og forvaltning. Innan landbruket sine kulturmiljø er det ofte viktig å sjå den materielle og immaterielle kulturarven i samanheng, då spesielt innanfor kunnskap om kulturlandskap og handverk. Vidare skal bevaringsstrategien bidra til at eit større mangfald av kulturmiljøa i landbruket vert tatt vare på, brukt og sett på som ein ressurs i samfunnsutviklinga. Bevaringsstrategien ser derfor bevaring, bruk og utvikling i samanheng.

Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø består av fire delteama. For kvart av delteama er det gjort greie for utfordringar og moglegheiter, interessentar og aktørar, samt resultatmål og døme på aktivitetar og tiltak.

Overordna utfordringar og moglegheiter

Strategien peikar på fleire overordna utfordringar slik som landbruksområde som går ut av bruk eller vert bygd ned, endringar i teknologi, driftsmåtar og næringsstruktur. Mellom anna vert automatisk freda kulturminne i jorda utsett for stadig større påkjenningar frå tyngre maskiner og ulike tiltak i jord- og skogbruk, noko som fører til at mange kulturminne går tapt. Klimaendringane er også ei utfordring, der meir uvær, nedbør og ekstremvær fører til større påkjenning for kulturminne og kulturmiljø.

Samstundes representerer landbruket sine kulturmiljø ein ressurs innanfor ulike områder som til dømes:

- mange bygningar og anlegg har eit stort potensiale for bruk og verdiskaping.
- eit aktivt landbruk over heile landet er avgjerande for å sikre tilgang til mat og trevirke.
- reiseliv og lokal matproduksjon forankra i kulturarven er ei vekstnæring
- bevaring og ombruk av bygningar er god klimapolitikk som bidreg til ei berekraftig ressursforvaltning
- areal i drift, rike kulturspor og bygningar og anlegg i god stand gjev kulturlandskapet verdi og grunnlag for gode opplevingar.

Strategien legg vekt på å finne gode løysingar som sikrar eit godt samspel mellom drift, bevaring, bruk og ombruk.

Avgrensing

Bevaringsstrategien omfattar kulturmiljø knytt til landbruksnæringane jordbruk, skogbruk, reindrift og anna utmarksbruk som har tilknytning til desse næringane. Strategien skal famne eit mangfald av kulturmiljø i eit langt tidsperspektiv og med ulike former for drift. Kulturmiljø frå utmarksaktivitetar som ikkje er knytt til landbruksdrift, samt moderne industriell foredling av landbruksprodukt, er ikkje tatt med i denne strategien, men vil kunne bli omfatta av andre bevaringsstrategiar. Dette gjeld til dømes fritidshytter, gruvedrift, meieri, slakteri og sagbruk.

Strategien famnar i hovudsak om den materielle kulturarven sidan dette er kulturmiljøforvaltninga sitt arbeidsfelt. Samstundes er det viktige samanhengar mellom den materielle og den immaterielle kulturarven som vil bli omfatta av strategien. Dette gjeld til dømes kunnskap om tradisjonell skjøtsel og drift av kulturlandskap, kompetanse på tradisjonelt handverk og materialbruk.

Innsatsområde

Innsatsområda er dei same som for bevaringsstrategi for kystens kulturmiljø og omfattar fylgjande fire områder:

- Bevaring og bruk
- Kunnskap og kompetanse
- Oppleving og engasjement
- Urfolk og nasjonale minoritetar

Innhaldet i innsatsområda vert presisert under kvart av deltemaa i strategien.

Deltema

Riksantikvaren har valt ut fire deltema. Valet er gjort ut i frå at det innanfor desse områda er særskilde utfordringar og/eller kunnskapsmangel. Samstundes har deltemaa eit potensiale for ny bruk av kulturmiljø, samarbeid, næringsutvikling og formidling.

Deltema 1: Bygningar i jordbruket

Omhandlar den rike og mangfaldige bygningsarven til jordbruket. Den representerer store kunnskaps-, opplevings- og ressursverdiar, men har i dag ein høg tapsprosent som fylje av at mange bygningar har gått ut av bruk, eller er i fare for å gjere det.

Under deltema 1 vert bevaring og bruk av den førindustrielle garden sine bygningar, einskapslåven og seterbygningar prioritert.

Deltema 2: Jordbrukslandskapet

Omhandlar å ta vare på eit større mangfald av kulturlandskap med store kulturmiljøverdiar for å kunne setje i verk tiltak for istandsetjing, skjøtsel og formidling av kulturminne etter ein samla plan for utvalde landskap. I tillegg handlar deltemaet om å utvikle og setje i verk tiltak for å redusere og førebygge konflikt mellom jordbruksdrift og arkeologiske kulturminne.

Under deltema 2 vert kulturlandskapet og arkeologiske kulturminne i jordbrukslandskapet prioritert.

Deltema 3: Kulturmiljø i skog

Omhandlar kulturminne og kulturmiljø knytt til skogbruk. Innan dette temaet er det behov for betre kunnskap om innhald, utbreiing og tiltak for å bevare eit større mangfald av kulturmiljø. I tillegg inngår det også å utvikle og å sette i verk tiltak for å redusere og forebygge konflikter mellom skogsdrift og arkeologiske kulturminne. Tilgangen på kvalitetsvirke til restaurering og anna byggeverksemd og moglegheitene for å utvikle produksjon og marknad er eit anna område som er vektlagt.

Under deltema 3 vert skogbruket sitt kulturmiljø, arkeologiske kulturminne og skogsdrift og kvalitetsvirke prioritert.

Deltema 4: Kulturmiljø etter reindrift

Omhandlar eit tema det har vore lite arbeida med til no og der det er eit stort behov for kunnskap om innhald, utbreiing, tilstand og tiltaksbehov. Deltemaet omhandlar i hovudsak kulturmiljø knytt til tamreindrift, men inkluderer også spor frå overgangen frå villreinfangst. I den tidlege fasen av strategigjennomføringa skal registrering og kartlegging prioriterast, medan bevarings- og formidlingstiltak vert sett i verk etter kvart som kunnskapsgrunnlaget vert etablert.

Under deltema 4 vert kulturmiljø etter tamreindrift prioritert.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har avgjerdsmynde i denne høyringa, jf. *Reglement for folkevald organ og delegering, Delegeringsreglementet, Reglement for fylkesutvalet punkt 7. Høyringsuttale:*

Fylkesutvalet gir på vegner av Vestland fylkeskommune uttale i alle høyringssaker, med slike unntak:

- *Saker kor hovudutvala kan gi høyringsuttale (sjå punkt 3 i reglementa for hovudutvala)*
- *Saker med svært knapp høyringsfrist der mynde er delegert til fylkesordføraren (sjå punkt 4 i reglement for fylkesutvalet)*
- *Saker der mynde er delegert til andre folkevalde organ eller fylkesdirektør (sjå reglement for delegering etter særlov og reglement for delegering til fylkesdirektøren)*

Sakene ein skal gje høyringsuttale om, skal i størst mogleg grad innom fagutvala for uttale før dei går til fylkesutvalet.

Vurderingar og verknader

Fylkesdirektøren finn det positivt at Riksantikvaren i bevaringsstrategien er tydeleg på kva område innan dei ulike deltemaa som er prioritert. Dette gjer at strategien vert eit godt styringsverktøy og gjev føringar om kva områder ein skal fokusere på i det vidare arbeidet med bevaring og utvikling av landbruket sine kulturmiljø. Ein del kulturmiljø knytt til landbruket vil overlappe med kulturmiljø knytt til dei andre bevaringsstrategiane og fylkesdirektøren finn det viktig at desse kulturmiljøa vert knytt saman på ein god måte. I denne samanhengen vil fylkesdirektøren peike på fiskarbonden og kulturmiljøa knytt til denne driftsmåten. Fylkesdirektøren viser her til sak PS 97/2024.

Generelle merknadar til utfordringsbilete og avgrensing

Fylkesdirektøren oppfattar at bevaringsstrategien generelt sett gjev ei god skildring av utfordringane knytt til landbrukets kulturminne og finn det positivt at Riksantikvaren har vektlagt kulturmiljø som tidlegare har fått lite merksemd og der vi har behov for meir kunnskap. I bevaringsstrategien saknar fylkesdirektøren ein omtale av bruken av båt i jordbruket. Båten var eit viktig reiskap for delar av

landbruket. Inne i fjordane var båten avgjerande for at ein kunne nå utmarksslåttane og få frakta høyet heim, i tillegg gjorde båten det mogleg å få frakte varene ut til byar for sal. I tillegg var nausta viktige då dei gjerne hadde funksjon som både oppbevaringsstad for båten og som høyløe. På kysten var båten avgjerande både for frakting av buskap og kome til slåttemarkene ute på holmar/øyer.

I utmarka var jakt, fiske og sanking viktige tillegg til jordbruket. Det ein hausta frå utmarka var ein viktig del av livberginga for bøndene. Kulturminne knytt til dette er i liten grad kartlagt og fylkesdirektøren vurderer foreslår at dette også vert tatt inn i bevaringsstrategien.

Vidare saknar fylkesdirektøren fokus på det bynære landbruket som i dag er under sterkt press.

Om innsatsområda

Til dei fire deltemaa er det foreslått ulike tiltak i forhold til dei fire innsatsområda. Fylkesdirektøren er her positiv til at det vert lagt opp til ein gjennomgang av regelverk og rutinar knytt til omsynet til automatisk freda kulturminne for deltema 2 og 3. Dette er eit område der det i dag er utfordrande å ivareta kulturminna på ein god nok måte og ei gjennomgang av regelverk og rutinar vil kunne bidra til ei betre og meir føreseieleg forvaltning av desse.

I forhold til deltema 2. Jordbrukslandskapet finn fylkesdirektøren det positivt at samordning på tvers av forvaltningsnivåa er tatt inn som eit innsatsområde. Det er etter fylkesdirektøren si vurdering svært avgjerande at ein har ei god samordning mellom ulike departement, direktorat, statsforvaltaren, kommunane og fylkeskommunane for å kunne ta vare på kulturlandskapa våre i eit langsiktig perspektiv. Samstundes vil fylkesdirektøren peike på behovet for at det vert oppretta ein eigen langsiktig tilskotsordning for kulturlandskap. Dagens ordningar er fragmenterte og kortsiktige, ved at ein må søkje om tilskot årleg frå ulike instansar, noko som gjer det utfordrande for eigar å kunne ta vare på kulturlandskapet på ein god måte.

Om deltemaa

Deltema 1. Bygningar i jordbruket

Bygningar i jordbruket er etter fylkesdirektøren si vurdering eit sentralt tema som er viktig for kunnskap om vår historie. I hovudsak er fylkesdirektøren einig i prioriteringane i deltemaet, men meiner at når det gjeld bygningar frå tida etter det store hamskiftet, så må ein sjå på dei som heilskaplege kulturmiljø og ikkje kun fokusere på einskapslåven. Einskapslåven var ein del av eit heilskapleg kulturmiljø med fleire ulike typar bygningar og det omkringliggende kulturlandskapet. Dette er kulturmiljø som i dag er under press som fylje av forfall, endringar i jordbruket og krav til drift og effektivisering. Vi har i dag ikkje noko god kartlegging over denne kategorien kulturmiljø og det er etter fylkesdirektøren si vurdering viktig at forvaltninga får på plass eit godt kunnskapsgrunnlag om dei.

Vidare finn fylkesdirektøren det positivt at stølane har fått ein brei omtale i bevaringsstrategien då dei representerer verdifulle kulturmiljø i Vestland som i dag er under press, både i form av nedbygging og forfall. Dette er i tråd med fylkeskommunen sine innspel til disposisjon for bevaringsstrategien, vedlegg 4. Men fylkesdirektøren saknar eit større fokus på andre typar bygningar i utmarka då desse i dag er dårleg kartlagt og ein truleg har eit stort tap av dei.

Deltema 2: Jordbrukslandskapet

Fylkesdirektøren finn det positivt at jordbrukslandskapet er eit eige deltema, der ein har sett fokus på det biologiske mangfaldet av kulturlandskap og korleis det kom som ei fylje av den tradisjonelle landbruksdrifta. Dette er i tråd med fylkeskommunen sitt innspel til disposisjonen til bevaringsstrategien, jf. vedlegg 4. Fylkesdirektøren saknar omtale av dei marginale jordbrukslandskapa slik som til dømes, kystlynghei og strandenger, då dette er landskap som i dag ofte er ute av bruk og står i fare for å gå tapt. Skjøtsel av gamle kulturlandskap er arbeidsintensivt og krev store ressursar over eit svært langt tidsrom. Det er difor etter fylkesdirektøren si vurdering viktig at ein i innsatsområda får utarbeida langsiktige og føreseielege tilskotsordningar som tek omsyn dette behovet. I bevaringsstrategien er det vist til at det allereie finns ei rekkje tilskotsordningar og at det er behov for samordning mellom dei ulike forvaltningsorgana. Ei slik samordning er etter fylkesdirektøren si vurdering avgjerande å få på plass ei god og føreseieleg ivaretaking av jordbrukslandskapet og for å kunne ha ein god balanse mellom bevaring og utvikling av landbruksdrifta.

Deltema 3: Kulturmiljø i skog

Fylkesdirektøren finn det positivt at kulturmiljø i skog er eit eige deltema og er einig med vurderinga om at det er behov for meir kunnskap om kulturmiljøa etter skogsdrift. I omtalen av temaet saknar fylkesdirektøren at løypestreng/taubane drift i skog vert nemnd. Dette var ein effektiv måte å frakte tømmer ned til fjorden for vidare transport. Nordheimsdalen i Aurland er her eit godt døme på eit område for tømmerdrift der det var bygd opp eit system med løypestreng/taubane for frakting av tømmer. Det er etter fylkesdirektøren si vurdering behov for å kartlegge desse anlegga på lik linje med tømmerrenner og fløyting av tømmer i elv.

Deltema 4: Kulturmiljø etter reindrift

Fylkesdirektøren er nøgd med at kulturmiljø etter reindrift er tatt ut som eit eige deltema, jf. fylkeskommunen sitt innspel til disposisjon til bevaringsstrategien. Fylkesdirektøren er einig i at det er behov for meir kunnskap om tamreindriften. I samband med innhenting av meir kunnskap om tamreindrift er det viktig at dette arbeidet omfattar heile landet, då tamreindrift var ei verksemd som også var etablert sør i Noreg, til dømes på Hardangervidda.

I samband med tamreindrift vil fylkesdirektøren også trekkje fram behovet for å få kartlagt dei store landskapsområda som vart brukt slik at ein i framtida kan skjerme desse områda for utbygging.

Administrative/økonomiske konsekvensar:

Dei lovheimla oppgåvene fylkeskommunen har som kulturmiljøstyresmakt, skal gjennomførast uavhengig av bevaringsstrategiane. Det gjeld også prosjekt som fell inn under innsatsområda i bevaringsstrategien. Iverksetjing av bevaringsstrategiane med aktivitetar og tiltak kan få både administrative og økonomiske konsekvensar, men dette er førebels ikkje kartlagt.

Klima:

Innsatsområda i bevaringsstrategien vil famne om fleire av dei prioriterte temaa i *Regional plan for klima 2022-2035*.

Endringar i klima med meir ekstremvær og havstiging er eit trugsmål mot landbruket sine kulturmiljø, og der kulturmiljøa langs kysten er svært sårbare. Fylkesdirektøren finn det positivt at bevaringsstrategien set fokus på dette og meiner at det må satsast på å finne gode løysingar for å beskytte landbruket sin kulturarv mot klimaendringane. Vidare er ombruk av kulturminne eit godt tiltak sett i forhold til sirkulærøkonomi. I denne samanhengen er istandsetjinga av bygningsarven og bevaring av kulturlandskap gode klima tiltak og satsinga på handverkskompetanse og tradisjonell skjøtsel av kulturlandskap er her avgjerande for eit godt resultat.

Folkehelse:

Aktivitetar knytt til landbruket sine kulturmiljø kan fremja god folkehelse gjennom auka frivillig innsats og medverknad. Dette vil også bidra til å skape stadstilhøyre, opplevingar, fellesskap og styrka identitet. I denne samanhengen er det viktig med gode involverings- og medverknadsprosessar. Aktivitetar og tiltak knytt til bevaring av landbrukets kulturmiljø vil falle inn under innsatsområde 3. Gode, trygge og deltakande nærmiljø/lokalsamfunn i Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022-2025.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 byggjer på FN sine berekraftsmål og måla i bevaringsstrategien for landbrukets kulturmiljø fell også saman med mange av måla i Utviklingsplan for Vestland (Regional planstrategi) og måla i [Kultur bygger samfunn. Regional plan for kultur 2023-2035](#).

Konklusjon

Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø vil, saman med dei andre tematiske bevaringsstrategiane som skal utarbeidast, gje retning for mykje av fylkeskommunen sitt vidare arbeid med kulturmiljø. Gjennomføring av tiltak og aktivitetar i strategien vil etter fylkesdirektøren si vurdering bidra til eit auka engasjement for kulturmiljøa, styrke arbeidet med berekraft og bidra til at eit mangfald av kulturmiljø vert tatt vare på. Iverksetjinga av bevaringsstrategiane med aktivitetar og

tiltak kan få både administrative og økonomiske konsekvensar, men dette er førebels ikkje kartlagt. Fylkesdirektøren rår til at det vert utvikla ein finansieringsmodell for bevaringsstrategiane.